

NVE

Norgesguidene AS

Mjølversgrendi 94

6871 Jostedal

Høyringsfråsegn angående søknad om fornya reguleringskonsesjon for FortunGrandfastareguleringene, Luster kommune, Sogn og Fjordane fylke

Norgesguidene AS har i sidan 2001 drive fast med fjellføring i Hurrungane med utgangspunkt frå Turtagrø hotell som me har eit godt samarbeid med. Mange av førarane i Norgesguidene var også aktive turgårarar, klatrarar og fjellførarar for andre firma i dette området før Norgesguidene AS vart stifta i 2001.

Minstevassføring

For oss og våre gjestar er opplevinga av urørt natur ein viktig del av turen. Me er klar over at mange av elvane og bekkane som me ser på frå Turtagrø hotell og som me kryssar på veg til fjells er utbygde. Me meiner likevel at det er svært viktig for friluftslivet og reiselivet i området at det vert opprettholdt ei minstevassføring i elvane som gjer at dei som er i området får oppleve og sjå frittrennande vatn ved inngongen til dei alpine fjella. Bekkane og elvane som kjem ned dalane og renn kvitt er synleg på lang avstand og opplevinga av naturen vert forringa viss dette skulle forsvinne.

Me vil difor oppmode NVE til å stille krav om minstevassføring som gjer at folk framleis får oppleve frittrennande vatn i Hurrungane / Sognefjellet.

Med helsing

Norgesguidene AS v/ Kåre Øst